



Saksmappe: 2024/388
Sakshandsamar: SSH
Dato: 04.03.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
44/25	Planutval	10.03.2025
26/25	Kommunestyret	20.03.2025

Forslag til planstrategi - Bykle kommune 2025-2028

Kommunedirektørens si tilråding

I medhald av plan- og bygningslova ! 10-1 blir forslaget til planstrategi for Bykle kommune 2025-2028 blir lagt ut til høyring.

Planutval si handsaming av sak 44/2025 i møte den 10.03.2025:

Handsaming

Kommunedirektøren si tilråding blei samrøystes vedteke

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 10-1 blir forslaget til planstrategi for Bykle kommune 2025-2028 blir lagt ut til høyring.

Kommunestyret si handsaming av sak 26/2025 i møte den 20.03.2025:

Handsaming

Saka vart drøfta

Forslag frå Hedda Helene Schaanning AP:

"Kommunestyret ber høyringsinstansane vere ekstra merksam på og vurdere om det bør lagast ein heilskapeleg plan for pleie og omsorg og at det eventelt lagast ein eigen plan for helsetenesta (interkommunal teneste) som fluttast til oversikta over interkommunale planar. "

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

Forslaget frå Hedda Helene Schaanning vart samrøystes vedteke

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 10-1 blir forslaget til planstrategi for Bykle kommune 2025-2028 blir lagt ut til høyring.

Kommunestyret ber høyringsinstansane vere ekstra merksam på og vurdere om det bør lagast ein heilskapeleg plan for pleie og omsorg og at det eventelt lagast ein eigen plan for helsetenesta (interkommunal teneste) som fluttast til oversikta over interkommunale planar.

Saksutgreiing:

Samandrag/konklusjon

Administrasjonen har lagt til grunn eigne planverk og nye nasjonale og regionale føringar for å vurdere behovet for revisjon og utarbeiding av nye planar i kommunal regi, og i interkommunale samarbeid.

Bakgrunn for saka

Kommunestyret skal minst ein gang i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Grunna kapasitetsutfordringar kjem den litt forsinka – og ein får såleis litt kortare varigheit (resten av valperioden).

Formelt grunnlag

Kommunal planstrategi er forankra i Plan- og bygningslova (pbl) § 10.1.

Kommunen innhentar synspunkt frå nabokommunar og regionale styresmakter som del av arbeidet. Forslaget til vedtak i kommunestyret skal vere gjort kjent minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming og vedtak av planstrategien.

Vedteken planstrategi er retningsgjevande for kommunen si prioritering av planoppgåver når han er vedteke.

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Planstrategien skildrar ulike planarbeid ein ser behov for å arbeide med i åra som kjem. Dei fleste planane vil bli utarbeidd internt og innafør driftsbudsjettet til ulike tenesteområde. Dersom det er trong for øymerka middel for planarbeid vil det kome som eigen politisk sak.

Tilhøve til kommuneplanen

Planstrategien byggjer på nyleg vedteken samfunnsdel av kommuneplanen, og har som mål å understøtte satsingsområda som er vedteke der.

Konsekvensar for folkehelse

Blir føreslege som gjennomgåande tema i ulike planverk framover og i form av ein eigen folkehelsestrategi.

Bykle,

kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

1 PLANSTRATEGI BYKLE 2025-2029

Melding om vedtak blir sendt til:

